

# Planprogram

Rullering av kommuneplanens arealdel



Sund kommune

Vedteke av kommunestyret *Dato: ... ....*

Datert 6.4.2017  
Sist revidert 25.04.2017

## **Innhald**

1. Innleiing .....	3
1.1 Mandat .....	4
1.2 Hensikt med planarbeidet .....	4
1.3 Premiss for planarbeidet .....	4
1.4 Planavgrensing.....	4
1.5 Lovgrunnlaget.....	6
1.6 Planer og utgreiingar som ligger til grunn for planen .....	6
1.6.2 Regionale føringar .....	7
1.6.3 Regionale planar under arbeid.....	7
2. Planprosess .....	7
2.1 Organisering .....	7
2.2 Medverknad .....	7
2.3 Framdrift.....	8
3. Nøkkeltal for Sund kommune .....	9
4. Formål .....	10
4.1 Bustad .....	10
4.2 Næring .....	11
4.3 Tilgang til sjø .....	11
4.4 Akvakultur .....	11
4.5 Andre tema .....	12
5. Utgreiingsbehov .....	12
5.1 Eksisterande og naudsynte utgreiingar .....	12
Kjelder .....	14

## **Figurliste**

Figur 1. Ytre plangrense. Området markert i kvit er ikkje del av rulleringa.....	5
--	---

Figur 2. Sysselsetting-samansetning Sund kommune (SSB.no 2017) ..... 9

# **1. Innleiing**

## **1.1 Mandat**

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale- og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Det er ein overordna plan for arealbruk både på sjø og land. Kommuneplanen fastset «*framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6*» jf. plan- og bygningsloven (tbl) § 11-6. Kommuneplanen er styrande for arealbruk og for kommunen sine vedtak i seinare plansaker.

Kvart fjerde år ved fastsetjing av kommunal planstrategi, skal kommunestyret ta stilling til om det er behov for å rullere kommuneplanen. Rullering av kommuneplanen er teke inn som eit punkt i gjeldande planstrategi vedteke av kommunestyret 13. juni 2016.

## **1.2 Hensikt med planarbeidet**

Eksisterande kommuneplan er heimla i LOV 2008-06-27 nr. 71 Lov om planlegging og byggesakshandsaming (plan- og bygningsloven). Planen er vedteke av Sund kommunestyre 4. oktober 2011.

Rådmannen sin erfaring er at det er utfordringar i høve gjeldande plankart og føresegner. Eit av måla med rulleringa er å gjere den betre eigna som styringsverkty.

Det er peikt på tre hovudtema for rulleringa:

- sikre vidare bustadutvikling i kommunen
- sikre næringsareal
- legge til rette for tilgang til sjø for allmenta

## **1.3 Premiss for planarbeidet**


Rullering av kommuneplanens arealdel er vedteke av kommunestyret den 18. oktober 2016.

Kommunestyrevedtak K-100/16 lyder som følgjer:

«*1. Kommunestyret vedtek oppstart av ei mindre rullering av kommuneplanen sin arealdel. Konkretisering av kva som skal endrast i gjeldande plan, skal spesifiserast i planprogrammet. 2. Kommunestyret opprettheld vedtak i sak 034/13, der kommunestyret slutta seg til at samfunnssdelen av kommuneplanen skal rullerast. Framdriftsplanen må oppdaterast og justerast med nye datoar.*

## **1.4 Planavgrensing**

Ytre planavgrensing (Figur 1) vert planavgrensing i rullering av kommuneplanen. Området markert i kvit er areal for ny kommunedelplan for Skogsskiftet, som er under rullering. Areal markert kvit, er ikkje del av kommuneplanen sin rullering.



**Figur 1. Ytre plangrense. Området markert i kvit er ikke del av rulleringa.**

## **1.5 Lovgrunnlaget**

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) 19. juni 2009
- Lov om kulturminner (kulturminneloven) av 9. juni 1978

## **1.6 Planer og utgreiingar som ligger til grunn for planen**

Ifølgje plan- og bygningsloven § 11-1 skal kommuneplanen ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Regionale og nasjonale føringer er viktige rammer ved kommunal planlegging. Eit utval rundskriv og dokument frå regionalt og nasjonalt hold er lista opp.

### **1.6.1 Nasjonale føringer**

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (12. juni 2015)
- Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (25. mars 2011)
- Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal og transportplanlegging (26. september 2014)
- Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane (4. september 2009)
- Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)
- Rundskriv: Arealplanlegging og utbygging i fareområder (T-5/97)
- Rundskriv: Lover og retningsliner for planlegging og ressursutnytting i kystsona (T-4/96)
- T-2/08 gjeld, men er følgt opp av rettleiing T-1513 Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven
- Byggje - Bu – Leve (8. mars 2013)
- Ta heile Noreg i bruk (1. mars 2013)

## **1.6.2 Regionale føringer**

Hordaland Fylkeskommune har ansvar for regionale planar, regional planføresegn og regional planstrategi i den regionen Sund kommune er ein del av. Viktige regionale planar i høve rullering av kommuneplanen er:

- Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008 (forlenga inntil den blir avløyst av nye regionale planar)
- Regional klimaplan 2014 – 2030
- Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel 2015-2026
- Regional transportplan 2013 – 2024
- Regional næringsplan 2013 – 2017
- Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014 – 2025
- Regional kulturplan 2015-2025

## **1.6.3 Regionale planar under arbeid**

- Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

## **2. Planprosess**

### **2.1 Organisering**

Prosjekteigar: Kommunestyret. Mynde til endeleg vedtak av planprogram og kommuneplan ligg til kommunestyret jf. pbl §§ 11-13 og 11-15.

Styringsgruppe: Forvalningsstyret-planutval. Utvalet skal formidle politiske føringer til den administrative arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppe: Rådmannens administrasjon har ansvar for utarbeiding av planprogram og planforslag. Arbeidsgruppa vel planfirma som skal utarbeide heile- eller delar av planen.

### **2.2 Medverknad**

Forslag til planprogram og planforslag vert lagt ut på kommunen sine nettsider og annonser i lokalavis. Offentlege instansar, naboar, grunneigarar og berørte partar kan kome med

merknadar og innspel til planprogrammet. Alle som har gjeve uttale til planprogrammet når det var på høyring, skal verte gjort kjent med endeleg vedteke planprogram.

Offentleg medverknadsmøte vert vurdert for å få innspel og diskusjon angåande planen. Det vil og verte vurdert om ein skal gå aktivt ut til einskilde grupper. Dette gjeld til dømes born, eldre og aktørar i næringslivet.

Følgjande punkt bør vere del av alle innspel:

- Kartutsnitt
- Eigartilhøve
- Eksisterande arealbruk og ønska arealbruk
- Grunngjeving for endring av arealføretemål

## 2.3 Framdrift

**Tabell 1. Framdriftsplan**

Planprosess	Faser i planarbeidet	Deltakarar	Tidsrom
Planprogram	Forslag til planprogram- sendast på høyring	Planutval	April 2017
	Handsaming av planprogram-innstilling til kommunestyret	Planutval	Juni 2017
	Vedtak planprogram	Kommunestyret	Juni 2017
Anbodsrunde konsulentbistand	Utarbeiding av konkurransegrunnlag/anbodsrunde	Arbeidsgruppe	Sommaren 2017
	Fastsetjing av konsulentfirma	Arbeidsgruppe	Hausten 2017
Utarbeiding av planforslag	Utarbeiding av planforslag	Arbeidsgruppe/styringsgruppe/konsulentfirma	2017/2018
	Medverknadsopplegg	Styringsgruppe og arbeidsgruppe	2017/2018
Planforslag	Planforslag 1. gongs handsaming/sendast på høyring	Planutval	Sommaren 2018
	Medverknadsopplegg	Styringsgruppe og arbeidsgruppe	Haust/vinter 2018/2019
	2. gongs handsaming	Planutval	Våren 2019


	Endeleg vedtak	Kommunestyret	2019
--	----------------	---------------	------

### 3. Nøkkeltal for Sund kommune

I det følgjande vert det presentert nøkkeltal for Sund kommune. Tala er henta frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) og Hordaland Fylkeskommune (HFK).


Sund kommune har per 4. kvartal 2016, 7058 innbyggjarar. Hordaland Fylkeskommune si folketalsframskriving for 2017-2040 viser at kommunen vil ha i underkant av 8000 innbyggjarar i år 2025- og i overkant av 9000 innbyggjarar i år 2035.

Det går fram av Figur 2 at majoriteten av innbyggjarane arbeider innan sekundærnæring, varehandel og liknande og innan helse- og sosialtenester. Tabell 2 gir oversikt over tal på bedrifter med og utan tilsette i Sund kommune for åra 2011 til 2016.



**Figur 2. Sysselsetting-samansetning Sund kommune (SSB.no 2017)**

**Tabell 2. Tal bedrifter med og utan tilsette i Sund kommune (hfk.no 2017)**



## 4. Formål

Kommunestyret har vedteke at det skal gjennomførast ei mindre rullering av kommuneplanens arealdel. Mindre rullering inneber at det i planarbeidet vert sett fokus på einskilde element som skal verte teke opp til vurdering.

Kommunen ser spesielt på vidare utvikling av bygdene. Når det gjeld Spildepollen og Stranda/Kleppe har desse områda dei seinare åra utvikla seg til lokalsenter, som kommunen ønskjer å vidareutvikle. Det vert behov for vurdering av fleire areal til bustad, tilgang til sjø, attraktive friområde og andre moment for gode sentrumsområde.

Eitt av formåla med rullering av kommuneplanen er å få ein plan som er betre eigna som styringsverktøy. Administrasjonen har erfart at fleire element i kommuneplanen gjer den utfordrande å bruke som styringsverktøy. Dette gjeld både plankartet og tilhøyrande føresegner i planen. Ved gjennomgang av planen er det registrert fleire element som kunne vore utbetra. Enkelte formuleringar i føresegnene gir rom for tolking medan andre punkt i føresegnene er lite presise. Konsekvensen er at dei som råkast av planen og dei som brukar den som styringsverktøy, ikkje har eintydige retningsliner. Sakshandsaming tar òg lengre tid enn ønskjeleg på grunn av dette. Det vert viktig å rette opp dei viktigaste feila/uklarleikane i planen.

### 4.1 Bustad

Det skal leggjast til rette for utvikling i alle bygder med mogelegheit for fortetting. Det er viktig at alle bygdene har ei god aldersblanding, og at det vert tilrettelagt for at unge kan

etablere seg der. Ein bør sjå på kva bygder som har hatt stor vekst versus kva bygder som treng betre tilrettelegging- og tiltak for å få ei positiv utvikling.

Styringsgruppa vil informere om at ein er open for å leggje til rette for leilegheitsbygg/blokk i kommunen.

Vidare er formålet med rulleringa å vurdere eksisterande bustadområde- og gjere analysar i høve behov for nye framtidige bustadområder. Bustadkvotar i LNF-spreidd skal vurderast i rulleringa. Omgjering av nye område til LNF-spreidd er ikkje planlagt å verte gjort i denne omgang.

## 4.2 Næring

Det har vore arbeidd med «*Interkommunal næringsarealplan region vest*» saman med kommunane Askøy, Fjell og Øygarden- dette planarbeidet har stoppa opp. Rullering av kommuneplanen vil vurdere behov og mogelegheiter for utviding av eksisterande næringsareal. Dette gjeld mellom anna areal i Austefjorden, Kausland, Vorland og Porsvika. Kommunen eig areal på Høyland som er sett av til framtidig bustadføremål. Kommunen skal sjå nærmere på framtidig bruk av dette området.

I rulleringa skal potensielle nye næringsareal verte vurdert, spesielt område som kan passe til kystnære næringsareal. Lundaneset og Laksen vert peikt på som slike område.

Innspel til område som kan passe til turisme og sportssenter er ønskjeleg.

## 4.3 Tilgang til sjø

Sund kommune er ein kystnær kommune og det er brei semje i styringsgruppa om at rulleringa skal leggje til rette for tilgjengeleight til sjø for allmenta, småbåtanlegg og andre tiltak for å skape- eller vidareutvikle tilgjengelege maritime miljø for innbyggjarane. Rulleringa bør på bakgrunn av dette, opne for innspel i høve småbåtanlegg og eventuelt naustområde der ein tilrettelegg for maritime miljø med gode kvalitetar.

LNF-spreidd naust kvote skal verte vurdert, lokalisering av slike areal og opprydding i gjeldande plankart for desse arealformåla. Innspel som gjeld oppføring av einskilde naust er ikkje ønskjeleg.

## 4.4 Akvakultur

Areal til akvakultur bør vurderast opp mot lokalisering og storleik. I praksis har det vist seg at slike område kan vere for små eller ha uønska plassering, slik at tiltakshavar må søkje om dispensasjon. Kommunen vil vurdere behov for å ta ut området sett av til akvakultur der desse ikkje er i bruk eller av andre omsyn bør få endra arealformål. Sund kommune er arealmynde på kommuneplannivå, men det er Hordaland Fylkeskommune som handsamar søknadar for

tiltak i akvakulturmøråde. Kommunen ønsker innspel på behov for, og lokalisering av potensielle områder for utviding/nye akvakulturområde.

## 4.5 Andre tema

- Det kan verte aktuelt å justere omsynssone for landbruk dersom det er tilgjengelege oppdatert gardskart.
- Omsynssone for kulturminne og føresegner for kulturminne, kan verte aktuelt å justere i tråd med kulturminneplan som er under utarbeiding.
- Behov for nye idrettsanlegg/utviding av eksisterande anlegg.
- Leggje inn turstiar/turvegar i kommuneplanen.
- Generell opprydding i føresegner.

## 5. Utgreiingsbehov

### 5.1 Eksisterande og naudsynte utgreiingar

Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, skildre det aktuelle området og kva problemstillingar som er viktige for miljø og samfunn i det konkrete planarbeidet, basert på eksisterende kunnskap jf. § 5 i forskift om konsekvensutgreiing for planar etter pbl. Det går vidare fram av § 5: «*Forslaget til planprogram skal, med utgangspunkt i relevante rammer og krav gitt i § 7 og vedlegg IV, redegjøre for hvilke forhold som skal utredes og belyses i konsekvensutredningen. Det skal beskrives hvilke fremgangsmåter eller metoder som skal benyttes i utredningene for å fremskaffe nødvendig og beslutningsrelevant kunnskap*».

Ved endring av arealformål i kommuneplanen ver det stilt krav til konsekvensutgreiing. Det går fram av forskrift om konsekvensutgreiing for planer etter plan- og bygningsloven (FKPB) § 7 (6-8): «*For kommuneplanens arealdel utredes kun de delene av planen som fastsetter rammer for fremtidig utbygging og som innebærer endringer i forhold til gjeldende plan.*

*Konsekvensutredningen av arealdelen skal beskrive virkninger for miljø og samfunn av nye utbyggingsområder eller vesentlig endret arealbruk i eksisterende byggeområder. Omfang og nivå på utredning av enkeltområder må tilpasses områdets størrelse, utbyggingens omfang og antatte konfliktgrad. Det skal også ges en vurdering av virkningene av de samlede arealbruksendringene for miljø og samfunn. Der planen kun inneholder strategier for fremtidig arealbruk, skal det ges en vurdering av hvordan disse vil påvirke miljø og samfunn.*

*Det skal i konsekvensutredningen av arealdelen redegjøres for hvilke forhold som skal avklares og blyses nærmere i tilknytning til senere regulering av områdene, jf. plan- og bygningsloven § 11-9 nr. 8».*

**Tabell 3. Oversikt over eksisterande og naudsynte utgreiingar**

Hovudtema	Nøkkelord	Kjent kunnskap	Behov for utgreiingar/metode
Bustad	Utvikle bygder (Glesvær, Spildepollen, Starnda/Kleppe). Vurdere nye byggeområder.  LNF-spreidd bustadkvote, naustkvoter og areal for spreidd naust.	Område sett av til bustadføremål er konsekvensutgreidd.  Landskapet i Sund (2009)	Nye areal til bustadføremål – behovsanalyse  Eksisterande kvotar-behovsanalyse.
Næring	Utvide/transformere eksisterande næringsområde  Tilrettelegge for nye areal		Landskapsanalyse og vurdering av behov
Tilgang til sjø	Tilrettelegge for allmenn tilgang til sjø t.d. marinaer.  Utvide/transformere eksisterande marinaer/sjønære fellesareal  Tilrettelegge for nye areal		Kartlegge eigna nye areal- og utvide ekstisterande areal til marina/fellesareal ved sjø
Akvakultur	Utvide/transformere eksisterande næringsområde  Tilrettelegge for nye areal		Kartlegging og vurdering av behov
<b>Konsekvensutgreiing</b>			
Landskap	Landskapstilpassing-nær og fjernverknad av	Landskapet i Sund	Kartlegge påverknad på landskapet ved

	tiltak	(2009)	endring av arealformål
Naturmangfold	Tap av naturmangfold, påverknad på sårbare naturelement		Kartlegge påverknad på naturmangfold ved endring av arealformål
Landbruk	Tap av dyrka og dyrkbar mark		Kartlegge påverknad på landbruksjord ved endring av arealformål
Vannforureining	Forureining av drikkevatn		Kartlegge påverknad på drikkevatn ved endring av arealformål
ROS-analyse	Miljø, trafikk, skred etc.		Risiko og sårbaheit knytt til utvikling av nye område. Gjeldande krav til ROS-analyse skal følgjast
Barn og unge	Viktige uteareal gjerast utilgjengelig eller trafikkfarlige, nærområde vert bygd igjen, stor avstand til daglege gjeremål		Kartlegging av påverknad endring av arealformål vil gje for barn og unge sine interesser
Kulturminner og kulturmiljø	Tap av kulturminne og kulturmiljø		Kartlegging av påverknad endring av arealformål vil gje for
Beredskap og ulykkesrisiko	Utrykkingstid for brann, politi og liknande.		Kartlegging av uthykingstid og ulykkesrisiko

## Kjelder

Statistisk Sentralbyrå (lasta ned 29.03.2017). <https://www.ssb.no/kommunefakta/sund>

Hordaland Fylkeskommune, statistikk i vest (lasta ned 29.03.2017).

<http://statistikk.ives.no/hf/index.jsp?catalog=http%3A%2F%2F109.70.83.16%3A80%2Fobj%2FfCatalog%2FCatalog20&mode=documentation&submode=catalog&top=yes>

